

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

11. søndag i treeiningstida – 16. august 2020

Preiketekst: Matt 23, 37-39

Lesetekst I: Jes 64,6b - 65,2

Lesetekst II: Rom 9,2-5; 10,1-4

Kort tekst, men lang nok

Til denne søndagen ville det vore enklare og betre å kunna skriva om ein av lesetekstane, helst den frå Romerbrevet 9 og 10. Her er apostelen tydeleg, sterk og klar: Hans eige folk, det utvalde jødiske folket, må få sjå Jesus som deira Frelsar, Herre og Messias! Dei har jo fått barnekåret, Guds herlegdom, paktene, lova er deira, tempeltenesta og lovnadane. Ja, det er frå dei at Kristus er komen. Paulus sjølv kunne gjerne vore forbanna og skild frå Kristus, om det berre var til hjelp for brørne hans og landsmennene. Av heile hjarta ber han om at dei må sjå Jesus og verta frelste.

Vakker musikk

For oss som er involverte i Israelsmisjonen er dette nesten som vakker musikk i øyro våre. Det er jo vår eiga programerklæring. Det er difor vår organisasjon finnest. Det er vårt kall, å fortelja våre jødiske venner at Jesus er deira venn, frelsar og Messias. Dette skal me gjera audmjukt. Me kan aldri gløyma all den skade som kyrkja oppetter hundreåra har påført det jødiske folket, og kor øydeleggjande det har vore og er for at dei skal kunne ta imot evangeliet. Denne himmelgåva til frelse og sæle som jo er deira eigeidom først og fremst, men som me andre også har fått del i! Å djup av rikdom og visdom og innsikt hjå Gud, bryt Paulus ut litt lenger ute i Romerbrevet.

Men no, midt i august, midt i treeiningstida, rett i forkant av at både skuleåret og mykje anna verksemd tek seg opp att – så er altså preiketeksten tre sterke vers frå Matteus 23. Det er nettopp jøden Jesus me møter, i samtale med nokre av hans eige folk. Han taler til folket og til læresveinane, heiter det i 23,1. Men det handlar om farisearane og dei skriftlærde. Ikkje slik at Jesus ikkje våga å konfrontera dei direkte. Det er mange tekstar i Det nye testamente me kunne rekna opp då. Samtidig kan det sjå ut som om det skjer eit lite sceneskifte, eller om nye tilhøyrarar kjem til. For frå 23,13 og mange gonger utover tiltalar han dei skriftlærde og farisearane direkte. Han

er krass når han åtvarar mot dei haldningane som farisearane og dei skriftlærde stod for.

Farisear og skriftlærd

Ofte tenkjer me feil om kva farisearane og dei skriftlærde stod for. I vårt språk har farisear omtrent vorte likelydande med hyklar. Men farisearane var fromme menneske på denne tida. Dei ønskte å ta livet med Gud på alvor. Det er jo utelukkande positivt. Men dei tok ikkje Jesus på alvor, då han kom. Det vart ein tragedie for mange av dei. Og skriftlærd!? Det må jo vera eit honnørord! Å vera lærd i Skriftene, kjenna sin bibel. Det er avgjerande for oss om me skal leva som truande menneske i samfunn med Jesus.

Men me ser både i Matteus 23 og mange andre stader i Det nye testamente at Jesus gjennomskodar både farisearane og dei skriftlærde, og andre, om det berre vart med orda dei sa, og at livet ikkje stod i harmoni. Og ikkje berre at det vart det me kan kalla små avvik, men enorme kontrastar. Sjå Matt 23, 24 som døme.

Påskefeiring

Heile kapittel 23 er ein lang tale som han heldt i samband med påskefeiringa. Også dei to neste kapitla rommar ein lang tale av Jesus. Inntoget i Jerusalem ligg bak. Då vart han sterkt hylla av folket. No er det liksom ein annan Jesus me møter. Ein morsk og sint Jesus. Kanskje er det også uttrykk for spenningar i kropp og sjel hjå han avdi han veit kva som ligg framføre. Han skal bli svikta av sine eigne, fengsla og torturert, lida og døy. Det skal mindre til enn dette for å koma i mental ubalanse. Og Jesus, sann Gud og sant menneske, var prøvd i alt.

Så er det likevel slik at alle tre tekstane denne søndagen handlar om det same: Gud vil oss vel, sjølv om han av og til må rista kraftig i oss. For Han vil ha oss. Han likar slett ikkje når me går våre eigne vegar og vender oss vekk frå Han. Og det har me gjort, og det gjer me, både det gamle utvalde folket og oss andre. Me står heilt likt, slik sett. Peter var også særdeles krass då han heldt tale på pinsedagen, slik me les i Apg 2. Mange kjende eit stikk i hjarta då. Men sjå kva som skjedde! Mange bøygde seg under forkynninga, og tok imot Gudsordet. Og ikkje færre enn tre tusen vart lagde til flokken av dei truande.

Jau, Jesus elsker både det gamle utvalde folket, og oss som tilhøyrrer folkeslaga. Lukas 19,24 fortel oss at Jesus endåtil gråt over Jerusalem. Når me les Matt 23 må me for all del ikkje tenkja: Nei, huff så strie dei er, desse jødane. Både den gongen og nå. Me er like strie alle saman! Det er sanninga. Me er fødde med synd alle, og vender oss vekk frå Gud og tilbodet om frelse. Evangeliet, den gode bodskapen om frelse, kjem ikkje opp i hjartet hjå nokon av oss. Gud må openberra det for oss. Og Han sjølv må frelsa oss. For menneske er frelse umogleg, men for Gud er alt mogleg! Takk og lov.

Høna

Så finst det også eit nydeleg og sterkt evangelium i denne teksten som er kort, men lang nok. Evangeliet er høna! Ho samlar kyllingane sin, skuvar dei inn under vengene sine, og dekker og verner dei. Dermed får kyllingane kjenna mor sin varme, kanskje også dei små dunka frå hjartet, og oppleva tryggleik. Fiendane utanfor vil ikkje nå inn til dei. Mange kjenner forteljinga om gården der det oppstod ein brann. Brannen slo også inn i hønsegården. I ruinane etterpå då det skulle ryddast opp, sparka dei borti noko dei trudde var ei daud høne. Og ganske riktig; høna levde ikkje lenger. Men plutselig spratt det fram levande kyllingar. Mora hadde ofra sitt eige liv for å verna kyllingane. Det er eit rørende, talande og sterkt bilete. Slik er evangeliet. Jesus ga livet sitt for å verna oss mot døden og domen.

Dette flotte biletet finn me også andre stader i Bibelen. Ein fugl breier ut vengene sine for å verna ungane sine. Sjå til dømes 5 Mos 32,11; Sal 91,4 og Jes 31,5. Ja, i Jes 31,5 heiter det endåtil at som fuglen breier ut vengene sine, skal Herren verna Jerusalem, verna og frelsa, gå forbi og berga. Det er eit sterkt vers relatert til domsorda i vår tekst. Domsorda er lova forkynt for oss, den som fortel oss at me ikkje held må; at me ikkje er i stand til å gripa frelsa, og at me tvert imot vender oss vekk frå det gode. Men evangeliet, her anskueleggjort ved høna, fortel oss at det er ein som har gjort alt for at me likevel skal kunna bli verna, frelste og berga som Jesaja uttrykkjer det (31,5).

Alt er ferdig

Det gjekk nokre tiår etter at Jesus heldt denne talen, før det skjedde bokstaveleg tala det han forkynte. Huset (tempelet) vart rive ned og vart liggjande audt. Men då han sjølv stod opp att tredje dagen, gjekk det i oppfyljing det han også hadde profetert; at tempelet skulle rivast ned og reisa seg att på tre dagar. Ikkje det fysiske tempelet, mens eigen kropp prega av himmelsk herlegdom. Derfor er det så flott også å ta med seg siste setningen i tekstavsnittet vårt: Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Det er nettopp Jesus, frelsaren, Messias.

Han er høna som breier ut vengene sine den dag i dag, for jøde og grekar, oss alle, og seier: Kom, alt er ferdig. Kom, alle som strevar og har tungt å bera, og eg vil gje dykk kvile.

God søndag!

Paul Odland

Utdanna diakon. Frå 2011 misjonsrådgjevar i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets.

stavanger@israelsmisjonen.no

